



Hallfrid Magny Andås
Kvassnesvegen 22
NO 5914 Isdalstø

Vi innvilgar søknaden om samtykke, med vilkår

Saka gjeld Alver - Gnr/Bnr 205/12 - søknad om samtykke.

Vi viser til søknad av 07.01.2021 om samtykke etter arbeidsmiljøloven § 18-9. Vi fekk søknaden frå tiltakshavar, Hallfrid Andås.

Søknaden omfattar tiltakstype – Bustad.

Bruksareal (BRA) for tiltaket er 185 m².

Tiltaket omfattar bustad med personalbase for tilsette som skal yta helse- og omsorgstenester for bebuar. Det vil vera åtte tilsette som skal ha arbeidsplassen sin i bustaden. To vil vera på jobb samtidig.

Vi har vurdert saka på grunnlag av dokumentasjonen de har sendt oss: Søknad om løyve til tiltak

- 1 00002H
- Informasjon om tiltakets ytrerammer
- Byggesaksteikningar
- Informasjon om tiltaket
- Informasjon om medverknad i utforming av arbeidsplassen

Vedtaket til Arbeidstilsynet

Med dei vilkår som går fram under gjev Arbeidstilsynet samtykke til planene. Vedtaket har heimel i arbeidsmiljøloven §§ 18-9 og 18-6 sjetta ledd og forskrift om administrative ordningar § 12-2 første ledd.

Tiltakshavaren må sjå til at vilkåra for dette samtykket blir følgde opp, eventuelt i samarbeid med arbeidsgivarar/leigetakarar, jf. arbeidsmiljøloven § 18-6 sjetta ledd. Sjå òg arbeidsplassforskriften § 1-3 fjerde ledd, som regulerer ansvaret til utleigaren.



Vedtaket om samtykke er berre gyldig om vilkåra over blir oppfylte. Arbeidstilsynet kan gjennomføre tilsyn for å kontrollere om vilkåra er oppfylte, og om tiltaket er utført i tråd med planane.

Samtykke vert gjeve på bakgrunn av opplysningane og planane som går fram av søknaden. Merk at samtykke ikkje er ei godkjenning av bygningen, lokala, arbeidsplassane eller det fysiske arbeidsmiljøet. Det er tiltakshavar/arbeidsgjevar som har det daglege ansvaret for at lov- og forskriftskrav blir halde og at arbeidsmiljøet er tilfredsstillande.

Vurderinga til Arbeidstilsynet

Vi vurderer blant anna at desse forholda er tatt hand om i tråd med krava:

- Bustaden og personalbase er universelt utforma
- Tilsette har pauserom med kjøken
- Det er innreidd soverom for kvilande nattevakter
- Det er dagslys og utsyn i arbeidslokale og personalrom
- Det er lagt tilrette for rømming frå dei ulike romma
- Det er innreidd baderom med toalett for tilsette.
- Soverom for bebuar tilfredsstillar ikkje arealkrav for soverom i omsorgsbustad, men ved evt. framtidig behov for pleie har stovetilstrekkeleg areal og kan nyttast til føremålet.
- Det er innreidd vaskerom.

Meir informasjon om krava finn de her: <https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veiledning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/>.

Grunngiving for vilkår

Vi har ikkje fått tilstrekkelege opplysningar om at eit av personaltoalettet og ventilasjon er i tråd med gjeldande krav. Derfor stiller vi vilkår med denne grunngivinga:

Vilkår: Ventilasjon

- Tiltakshavaren skal sørge for at dokumentasjon på at ventilasjonsløyisingane har funksjonar som sikrar tilfredsstillande inneklime og ventilasjon, blir sendt til Arbeidstilsynet så snart som mogleg, og før tiltaket blir tatt i bruk, jf. arbeidsmiljøloven § 18-5 første ledd.

Krav til ventilasjon

Arbeidsplassforskriften §§ 2-14 og 7-1 stiller krav til klima, ventilasjon, luftkvalitet med meir.

Arbeidslokale skal vere utforma og innreidd slik at dei enkelte arbeidsplassane og personalromma får tilfredsstillande klima når det gjeld temperatur, fukt, trekk, luftkvalitet og sjenerande lukt, og at dei beskyttar mot giftige eller helsefarlege stoff.

Arbeidslokale og arbeidsplassar, eller andre område som arbeidstakarane har tilgang til og der arbeidet eller prosessar kan føre til forureining av lufta, skal ha mekanisk ventilasjon og prosesstilpassa avsug.



Dette skal sørge for at konsentrasjonen av kjemikalier i arbeidsatmosfæren blir holden på eit forsvarleg nivå.

Rettleiinga *Klima og luftkvalitet på arbeidsplassen* frå Arbeidstilsynet (tidlegare best.nr. 444) inneheld normer for tilfredsstillande inneklima og luftkvalitet. Rettleiinga fastslår at balansert mekanisk ventilasjon som hovudregel sikrar tilstrekkeleg luftskifte og dermed tilfredsstillande inneklima generelt. Dette er lagt til grunn for forvaltningspraksisen vår.

Arbeidstilsynet stiller ikkje konkrete krav til løysingar, men til dokumentasjon som viser at de planlegg løysingar som gir tilfredsstillande inneklima uavhengig av typen arbeid. Vel de ventilasjonsløysingar som oppfyller normene som står i *Klima og luftkvalitet på arbeidsplassen*, vil krava til inneklima og luftkvalitet normalt vere oppfylt.

Vi gjer merksam på at krava til tilfredsstillande inneklima blir forvalta strengt. De finn nærmare rettleiing om krava og korleis dei kan oppfyllast, på www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veiledning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/krav-til-ventilasjon/.

Generell rettleiing om inneklima finst på www.arbeidstilsynet.no/tema/inneklima/.

Her ligg også lenke til rettleiinga *Klima og luftkvalitet på arbeidsplassen* (pdf, tidlegare best.nr. 444).

Sjå krav og lenker til det aktuelle regelverket på www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/sjekkliste-for-krav-til-fysisk-arbeidsmiljo/.

Dette er ikkje i samsvar med gjeldande krav

Det vert opplyst at bygget skal ventilerast, ventilasjonsplanar er ikkje sendt oss.

Vilkår: Toalett

Tiltakshavaren skal sørge for at toalett for tilsette er tilpassa verksemda og i tråd med gjeldande forskriftskrav og forvaltningspraksis.

- De må sende utgreiing og planteikning til Arbeidstilsynet så snart som mogleg, og før tiltaket blir tatt i bruk, jf. arbeidsmiljøloven § 18-5 første ledd. Dokumentasjonen skal vise at krava er oppfylt.

Krav til toalett

Arbeidsplassforskriften § 3-2 stiller generelle krav til korleis personalrom skal dimensjonerast og innreiast. Forskrifta seier blant anna at det skal takast omsyn til

- at det i personalrom ikkje skal plasserast eller installerast anna utstyr enn det som er knytt til den naturlege verksemda i rommet (bokstav d). Det betyr at det som hovudregel ikkje er akseptert å blande ulike funksjonar, som toalett og reinhaldsutstyr, i same rom.

Særskilde krav til toalett står i arbeidsplassforskriften § 3-7 og er supplert av kommentardelen i forskrifta, andre aktuelle føresegner i forskrifta og rettleiingar.



Avstandar og moglegheita til å forlate arbeidsstaden utan vesentleg hinder, må leggast til grunn for kor toaletta blir plassert. Toaletta bør normalt ikkje ha direkte tilknytning til arbeidsrom eller eterom.

Arbeidstilsynet legg vekt på at toaletta skal vere reservert arbeidstakarane. Vi aksepterer derfor normalt ikkje felles toalett med publikum, kundar, elevar og pasientar.

I samband med plassering og innreiing av toalett må det og takast omsyn til kravet om integritet og verdighet jf. arbeidsmiljøloven § 4-3 Krav til det psykososiale arbeidsmiljøet, kor det kjem fra i nummer ein at arbeidet skal organiserast slik at integritet og verdighet vert ivareteke.

Vi gjer merksam på at krava til toalett blir forvalta strengt. De finn nærmare rettleiing om krava og korleis dei kan oppfyllest, på www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veiledning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/krav-til-toaletter-pa-arbeidsplassen/. Her finn de også lenker til det aktuelle regelverket.

Dette er ikkje i samsvar med gjeldande krav

Det er tilgjengeleg toalett i baderom for tilsette som skal arbeide i bustaden. Tiltakshavar har i samarbeid med tilsette som arbeider rundt bebuaren funne ei løysing for å sikra at det også er tilgjengeleg eit hensiktsmessig plassert toalett nært soverom og bebuar. Dette toalettet er plassert i vaskerom, noko som ikkje er i samsvar med krav i arbeidsplassforskriften. Plasseringa vil kunne medføre både hygieniske og inneklima utfordringar i tillegg til opplevinga av manglande integritet og verdighet for arbeidstakarar som skal ha sitt arbeid i bustaden.

Kommunen kan gi igangsetjingsløyve når samtykket vårt er gitt

Kommunen kan gi igangsetjingsløyve når Arbeidstilsynets samtykke finst, jf. plan- og bygningsloven §§ 21-4 og 21-5.

Vi sender derfor kopi av dette brevet til Alver kommune for å gjere merksam på at de har fått samtykke frå Arbeidstilsynet etter arbeidsmiljøloven § 18-9.

De må betale gebyr

Tiltakshavaren skal betale eit gebyr for Arbeidstilsynet si saksbehandling. Vedtaket om gebyr er heimla i arbeidsplassforskriften § 9-1 og forskrift om administrative ordningar § 14-1.

Gebyrsatsane er avhengige av typen tiltak og storleiken på bygget. Les meir om korleis vi reknar ut gebyret, på arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/gebyr-for-behandling-av-byggesaker/.

Ut frå opplysningane i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori 2b og fastsatt gebyret til kr 4221,-.

Vi sender faktura til oppgitt fakturamottakar via Statens innkrevjingsentral. Fristen for å betale vil vere om lag fire veker. Om gebyret ikkje blir betalt innan fristen, blir kravet drive inn med tvang. Då kjem det tilleggsgebyr attåt.



De kan klage

De kan klage på dette vedtaket, jf. forvaltningsloven § 28. Fristen for å klage er tre veker frå de får vedtaket. De kan ikkje reise søksmål før klageretten er prøvd, jf. forvaltningsloven § 27b.

Meir informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klaging, retten til å sjå dokumenta i saka og søksmål finn de på arbeidstilsynet.no/klage.

Gi informasjonen vidare til arbeidsmiljøutvalet, verneombodet eller tilsettrepresentanten

Arbeidsgivaren skal sjå til at arbeidstakarane tar del i samtykkebehandlinga. Arbeidsmiljøutvalet og verneombodet har formelle roller som skal sikre slik deltaking. Vi ber dykk derfor om å gjere arbeidsmiljøutvalet kjent med dette brevet. Dersom verksemda ikkje har arbeidsmiljøutval, ber vi dykk om å gjere verneombodet kjent med dette brevet. Dersom de har avtale om ei anna ordning enn å ha verneombod, skal de gi kopi av brevet til tilsettrepresentanten.

Dersom tiltakshavaren er utleigaren, skal de gi ein kopi av brevet til alle arbeidsgivarar som er leigetakarar. Dette er for at dei skal kunne orientere sine eigne arbeidsmiljøutval, verneombod eller tilsettrepresentantar.

Sjå arbeidsmiljølova § 7-2 andre ledd bokstav c) og forskrift om organisering, leiging og medverknad § 2-2 tredje ledd bokstav a).

Meir informasjon?

Meir informasjon om Arbeidstilsynet sitt samtykke og krav til det fysiske arbeidsmiljøet finn de her arbeidstilsynet.no/byggesak/.

Send dokumentasjon via eDialog

Bruk [eDialog](#) viss de skal sende oss opplysningar eller svare på dette brevet. Oppgi referansenummer 2021/1100. Les meir om eDialog på www.arbeidstilsynet.no/post.

Med helsing
Arbeidstilsynet

Tommy Pedersen
seksjonsleder

Ellen Meldahl
seniorinspektør

Dette brevet er elektronisk signert.



Kopi til:

ALVER KOMMUNE

ALVER KOMMUNE HELSE OG OMSORG

Avd. for byggesak

Postboks 4

Postboks 79

5906

5906

FREKHAUG

FREKHAUG